



Slik presenterer kommunen Uskedalen-prosjektet i annonsen

No varslar kommunen gjennom annonse at det vil bli sendt inn søknad om utsleppsløyve frå reinsestasjonar på Korsnes og Børnes. Dermed er den formelle prosedyren i samband med kloakkprosjektet sett i gang.

Det heiter i annonsen at offentleg og privat avløp vil bli samla saman og reinsa på dei to stadene. I eit førebels skisseprosjekt opererte kommunen med plassering av den sentrale reinsestasjonen på Neset like sør for vegen over til Flatholm. Men reaksjonane mot ei så sentral plassering med moglege transport- og lukktproblem var sterke og denne plasseringa vart difor snart forkasta.

På Korsnes blir det utviding av eksisterande utslepp med montering av ein ny slamavskiljar dimensjonert for 400 person-einingar. Det blir her utslepp til eksisterande sjøleidning som går til kote – 30.

På Børnes blir det montert ny slamavskiljar dimensjonert for 900 person-einingar og her vil det bli lagt ny utsleppsleidning som også går til kote – 30.

Både på Børnes og Korsnes vil reinsestasjonane bli plassert på område som kommunen allereie eig.

Asplan Viak i Bergen er engasjert som konsulent og uskedalen.no får opplyst der at prosjektet skal ut på anbud og starta i haust. Eventuelle spørsmål eller merknader skal rettast til Asplan Viak innan 28. september, som deretter sender søknaden til kommunen om utslepp.

Parallelt med dette kjem handsaminga av sjølve byggjesøknaden og hamnevesenet skal også inn i biletet, opplyser den ansvarlege i Asplan Viak.

Det var ikkje måndag mogeleg å få kontakt med den ansvarlege i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen